

Elektronisk signatur

Signatur	Dato/tid
Signert av: Dalland, Helge fdato 130355 med Norsk BankID™ Sandvik, Frode fdato 031169 med Norsk BankID™	21.05.2015 14:46:43 21.05.2015 15:09:57

Informasjon om elektronisk signatur

Denne siden er lagt til dokumentet for vise detaljer om signaturen. På de følgende sidene kan du lese dokumentet som er signert.

Dokumentet er signert med elektronisk signatur fra BankID Norge.

En elektronisk signatur med BankID er juridisk bindende på lik linje som håndskrevet signatur på papir.

Vedlagt finnes en PDF med signatordetaljer, og en XML-fil med den elektroniske signaturen. Vedleggene kan brukes for å verifisere gyldigheten til dokumentets signatur ved behov.



Elektronisk signatur

Dette dokument er signert med PADES formatet av Signere.no (PDF Advanced Electronic Signature). Dette sikrer at dokumentet ikke er endret etter at det er signert.



Verifisert av
Signere.no
21.05.2015

«NAVN»
«ADRESSE1»
«ADRESSE2»
«POSTNRSTED»

Dykkar ref.:
Vår ref.: 11537214

Dato: 21.05.2015

22 kV jordkabel mellom Håland og Kvalheim

Gjeld gnr «GNR» bnr «BNR», Radøy.

I konsesjonsvilkåra for den nye 300 (420) kV mellom Mongstad og Kollsnes har Olje- og energidepartementets (OED) pålagt BKK Nett å kable delar av den noverande 22 kV luftleidningen mellom Håland og Haugland, inklusiv 22 kV avgreining til Listveit. BKK Nett har i den samanheng utarbeidd eit planforslag for jordkabel langsetter fylkesveg 409. Anlegget vil tilhøyra det lokale forsyningsnettet og skal knytast saman med det eksisterande nettet i området. Planen omfattar elles nye nettstasjonar, flytting av eksisterande nettstasjonar og kabel i Mykingsvatnet.

Statens vegvesen er restriktiv til graving i veggrunn og stilt krav om at grøfta kjem minst 3 meter frå vegkant. BKK Nett har prøvd å imøtekomma dette kravet så godt det let seg gjera, men det har m.a. medført at vi må kryssa vegen fleire stader. Vi har vidare lagt vekt på at trafikkavviklinga på fylkesveg 409 skal vera til minst mogleg ulempe for trafikantane. Der kabelgrøfta kjem på privat grunn og innmark pliktar BKK Nett seg å utbetre eventuelle skader og erstatta eventuelt avlingstap.

Forslag til kabeltrasé er vist med blå strek på vedlagt kartutsnitt.

Multiconsult AS utarbeider felles plan for omlegging av den offentlege vassleidningen i området ved landtaket for 300 (420) kV sjøkabelen i Kuvågen. Ca. trasé for felles grøft med planlagt 22 kV kabel er vist med raud strek på kart del 2 og 3 og på vedlagt oversiktskart.

For dei som vert berørt av tiltaket ynskjer BKK Nett å formalisera forholdet med grunneigar gjennom ein standard avtale. I denne omgang ber vi om at grunneigarar og rettshavarar kjem med sine synspunkt, slik at vi kan ta omsyn til desse i den vidare planlegginga. Ein førebels oversikt viser at de har eigedom som vert berørt eller er i rimelig nærleik til den foreslåtte traséen.

Det er mogleg å ta ei trasébefaring etter nærare avtale, for dei som ynskjer det.

Anleggsoppstart er estimert til hausten 2015.

Vi ser fram til eit positivt samarbeid.

Eventuelle spørsmål kan rettast til:

- Helge Dalland, tlf. 55128093, e-post: Helge.Dalland@bkk.no.
- Frode Sandvik, tlf. 55127297, e-post: Frode.Sandvik@bkk.no.

Vennleg helsing
BKK Nett AS

Frode Sandvik
prosjektleiar

Helge Dalland
rådgjevar

Vedlegg: Detaljkart og oversiktskart

Kopi:

Statens vegvesen	Region vest	Askedalen 4	6863 LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune	Avdeling for regional utvikling	Postboks 7900	5020 BERGEN
Radøy kommune	Radøyvegen 1690		5936 MANGER
Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvernavdelinga	Postboks 7310	5020 BERGEN